



KJEKKE AKTIVITETAR: Niklas (4), Kim Andre (5) og Erik (3) testa ut ring-spelet.



OPNA KYSTSOGEDAGANE: Varaordfører Jostein Borlang steig opp på «talarstolen» og opna kystsogedagane i Radøy.



PÅ SOMMARFERIE: - Far min kom herifrå og eg har vore her kvar sommar sidan eg var barn, seier Bente Øyhovden. Ho har hytte i området og kom på arrangementet saman med barnebarna sine Even Mæland (4), Elvira og Natalie Øvreås Listhaug (8 og 4 år)



SNART 5 ÅR: Solveig har snart bursdag. Då blir ho fem år, og ho synest det var veldig kjekt å læra å gå på stylder.

Kystsogedagane er i gang

God stemning og godt oppmøte då kystsogedagane i Radøy opna søndag med aktivitetar og grillmat i Vaulen.

Av Anne-Lise Nordpoll
anne@stilen.no

Tore Villanger i arrangørkomiteen hadde bede hogare makter om godt vær. Og med unntak av ei heftig regnbyge akkurat då varaordføraren skulle halda tale, så fekk dei det.

Rundballe som talarstol

Sidan ordføraren var opptatt i ein 50-årsdag, var det vara Jostein Borlaug som fekk gæra av å opna arrangementet. Ein rundballe gjorde nytten som talarstol, men

den var vanskeleg å flytta på, så varaordføraren stod ute i regnet, medan publikum stod inne i eit telt og flirte litt etter kvart som Borlaug vart våtare og våtare.

Artig nok så forsvann skyene og regnbyga med det same talen var over, og folk kunne kosa seg med grillmat og aktivitetar på graset og i fjøra.

Fast sommargjest

Bente Øyhovden har vore på besøk i bygda kvar sommar sidan ho var lita jente. I dag har ho ei hytte på Syltaneset, der ho inviterer med seg barn og barnebarn på ferie.

- Far min kom herifrå og det blir ikkje sommar visst eg ikkje får komma meg hit, seier ho.

Familien reiste heim frå hytta søndag, men dei nytta sjansen til å kjøpa seg litt grillmat og få med seg arrangementet først.

Musikk frå Radøybeljen

Medan folk åt og kosta seg sytte

trivelege karar frå Radøybeljen for passende musikk. Og Solveig Villanger Rosenlund, som fyller fem år om nokre få dagar, fekk prøva seg på stylder saman med mamma Maren.

Solveig gjekk fram og tilbake mange turar og hadde det så gøy at ho ikkje hadde tid til å prata med avisa.

Mange arrangement

Borna kunne også suse avgarde på ei artig disse, leika i fjøra og følgja med på andeløpet, der ein heldig vinnar kunne reisa heim med ei fruktkorg.

Kystsogevakene varer heilt til 17. september. I løpet av desse vekene er det eit stort spenn av arrangement og aktivitetar for å fremja og visa fram kystkulturen.

Programmet for arrangementet i Radøy og dei andre kommunane i Nordhordland finn du på kystsogevakene sine nettsider.



PÅ TUR: Mange nytta også sjansen til å få med seg ein tur til kvernhusa på Villanger.